



### Leiaren har ordet

Kjære nettverksmedlem.  
Håpar alle fekk sommarhelsinga mi og er godt i gang med å planlegge hausten. Hugs å bruk seminaret i september til å ta opp tema som opptek deg. Me sjåast i Ullensvang!

Helsing Asle

### Reisesjuka

Det har vore gjort formelle endringar i godkjenninga av dei ulike reseptfrie legemidla mot reisesjuka i Noreg. Dette blei vi gjort merksame på før sommarferien, og i samarbeid med RELIS laga nettverket ei anbefaling. Den kan du lese på [nettverket sine nettsider](#) eller hos [RELIS](#).

I etterkant av denne anbefalinga har diskusjonen gått, Ingrid Grønlie har mellom anna vore intervjuet av Apotekforeningen, sjå [her](#).

Fagdirektøren i Apotekforeningen, Anne E. Smedstad skreiv kronikk i Dagbladet om opning for farmasøyt forskrivning av mellom anna legemiddel mot reisesjuka. Les kronikken [her](#).

Legemiddelverket gjekk så ut med anbefaling om at det likevel er trygt for barn å bruke Postafen og at apotek kan gje råd til dosering under 12 år. Dette kan de lese [her](#).

Siste ord i saka er truleg ikkje sagt, apotekforeningen sendte i slutten av august brev til Legemiddelverket om apoteka si rolle og ansvar ved utlevering av Postafen til barn under 12 år (dvs. utanfor godkjent indikasjon).

### Nytt om nettverkssamlinga

Programmet til samlinga i Ullensvang 20.-22. september er klart, det ligg [her](#). Påmeldingsfristen var 5. september, men har du gløymt det? Fortvil ikkje, send ein e-post til Lene ([lene.aas@helse-bergen.no](mailto:lene.aas@helse-bergen.no)).

### Sharepoint-nytt

[https://samspill.ihelse.net/samspill/legemidler\\_til\\_barn](https://samspill.ihelse.net/samspill/legemidler_til_barn)

Sharepoint er tilgjengeleg for alle som er registrerte som medlemmar av nettverket. Det er fint om alle sjekkar at de har tilgang til Sharepoint i forkant av samlinga i Ullensvang, då eit tema i løpet av dei tre dagane vil vere bruk av Sharepoint i kompetansenettverket. Problem med å komme inn kan de melde til Lene ([lene.aas@helse-bergen.no](mailto:lene.aas@helse-bergen.no)).

### [www.legemidlertilbarn.no](http://www.legemidlertilbarn.no)

Internettsidene våre [www.legemidlertilbarn.no](http://www.legemidlertilbarn.no) har fått nytt design. Omlegginga er enno ikkje heilt ferdig, vi jobbar med å få lagt ut meir og å få oppdatert innhaldet på nettsidene våre.

Har du tips til kva vi kan legge ut eller lenke til, send det til Asle ([asle.hirth@helse-bergen.no](mailto:asle.hirth@helse-bergen.no)).

### Anna nytt

Betty Kalikstad, Åse Skjerdal og Thor Willy Ruud Hansen har fått publisert artikkel om blandbarheit av paralellinfusjonar av ei rekkje legemiddel og næringsløyser som er vanlege på nyfødte intensiv avdelingar. Artikkelen finn du [her](#).  
(*Arch Dis Child*. 2010 Sep; 95(9):745-8)

Turid Veggeland og Martin Brandl har publisert artikkel om Tyndall metoden. Artikkelen viser at metoden kan brukast til å påvise mikropartiklar i blandbarheitsforsøk. Metoden er enkel og relativt billig. Artikkelen kan hentast [her](#), dersom de har tilgang til ProQuest databasen. Andre kan henvende seg direkte til Turid Veggeland: [turid.veggeland@sthf.no](mailto:turid.veggeland@sthf.no)  
(*International Journal of Pharmaceutical Compounding*; Jan/Feb 2010; 14, 1)

I siste nummer av Apotekforeningens Tidsskrift er fleire av nettverket sine medlemmar intervjuet. Dette er eit temanummer om Legemidler til barn, sjå [her](#).